



forum for
natur og friluftsliv
i
Sogn og Fjordane

OED
Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO
postmottak@oed.dep.no

Leikanger 28. april 2015

Innspel til OED ang. Øyane Kraftverk i Fortunselva, Grandfaste i Luster og Hydro sitt forslag om endringer til konsesjonssøknad, utan høyring.

Forum for natur og friluftsliv i samarbeid med Luster JFF, Naturvernforbundet i S&Fj, Sogn Villaksråd og Sogn og Fjordane Turlag vil gjerne få underbygge bakgrunn for avslag hjå NVE og gje våre synspunkt til den vidare handsaminga.

Vi viser til NVE sine innstillingar av 2.06.2014 til OED om Illvatn kraftverk og Øyane kraftverk, og til Hydro sine kommentarar til innstillingane i brev av 06.01.2015 til OED.

Vi meiner det er uheldig at eit endringsforslag frå Hydro vert lagt fram for kommunen og til handsaming i kommunestyret for ny avgjerd ang konsesjon til Øyane kraftverk, men utan at det kjem ut på offentleg høyring for ålmenta.

Vi vil gjerne få utdype vår misnøye med vendinga saken tok hjå Luster kommune etter at Hydro sendte ut sitt endringsforslag. Saka vart ikkje sendt ut på ny offentleg høyring, men vart teke opp som sak i Luster kommunestyre og lagt fram som «ei kosmetisk og god utbetring».

For dei som ikkje er grundig og fagleg godt kjende med dei hydrologiske forholda og konsekvensane av desse, knytt til Fortun-Grandfasteutbygginga og i forholda til Øyane Kraftverk sett i lag med dagens forhold i vassdraget, så kan endringsforslaget til Hydro tilforlaterleg verka som ei endring til det betre. Vi meiner dette er ein svært uheldig illusjon. Vi vil derfor få komma med nokre faktaopplysingar spesielt knytt til fisk i vassdraget, om desse ikkje er godt kjende allereie. Vi viser også til brev til OED frå Sogn og Fjordane Turlag, naturvernutvalet ved Alvar Melvær 24. april 2015 ang. samme sak. Dei underbygger og forsterkar årsaka til at NVE av slo tiltaket etter vassdragsreguleringsloven §8: *NVE legger vekt på at byggingen av Øyane Kraftverk vil ha store negative konsekvenser for friluftslivinteresser og landskapsopplevelsen i Fortunsdalen, og potensielle negative konsekvenser for naturmangfold.*

§ 8. Konsesjon til en vassdragsregulering bør vanligvis bare gis, hvis skader eller ulemper for allmenne eller private interesser anses for å være av mindre betydning i sammenligning med de fordeler som reguleringen vil medføre. Hensyn bør dessuten tas til andre skade- og nyttevirkninger av samfunnsmessig betydning.

Blir en konsesjonssøknad avslått etter bestemmelsene i foregående ledd, kan konsesjonssøkeren kreve avgjørelsen forelagt for Stortinget.

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Samandrag:

Ein kraftutbygging i Øyane vil uansett få utvida negative konsekvenser for vassdraget, naturmangfaldet og dei allmenne interessene. Eit endringsforslag med konsekvenser av eit slikt omfang burde vore sendt ut som ei endring ved ny konsesjonssøknad med ny ordinær høyring. Det som har skjedd opplevast difor udemokratisk. Vi ønsker å få kome med innspel til saka og ber om at desse vert tekne med inn i den vidare handsaminga i departementet. Som vedlegg finn de bilete-/video-dokumentasjon av konsekvensar innan naturmangfald for tema fisk.

Vassdraga i Fortun-Grandfasta-utbygginga:

Fortun – Granfasta vart regulert for ca 50 år sidan, og kraftverket plassert 5,5 km frå sjøen på den ca. 14 km lange anadrome strekninga. Dette vart gjort i ei tid då omsynet til konsekvensane for miljøet var totalt fråverande.

Oppstraums kraftstasjonen er det ikkje krav om minstevassføring, og dette resulterer omlag årvisst i fiskedød på dei fremste delene av strekninga. Verst er det i tørrperiodar om vinteren. Nedstraums kraftverket i Skagen er det krav om minstevassføring på 3,75 m³/sek, gjennomsnittleg vassføring er angitt til 28,5m³/sek. I kraftverket er det ikkje omløpsventil, og ved utfall vert store deler av elveleiet tørrlagd med katastrofale konsekvensar for fisk og botndyr. I kraftverket er det 4 aggregat, og ved effektkøyring, som i stor utstrekning foregår om natta, vert eit og eit aggregat stoppa, slik at det vert ei etappevis nedtapping.

I rapportar frå Rådgivende Biologer, som i mange år har utført undersøkingar for Hydro i Fortunsvassdraget, blir det poengtert at nedom Skagen kraftverk er ”*Potensialet (for fisk) lågt på grunn av det kalde og slamrike vatnet*”. Det føreligg undersøkingar som viser at i år med om lag like mykje lakseegg som aureegg på denne strekninga om hausten, har dette resultert i vesentleg meir lakseyngel enn aureyngel året etter. Det er ei kjendt sak at aure tåler kaldt vatn langt betre enn laks, og det må derfor vera andre faktorar som er avgjerande. Auren brukar grunnare og mindre straumharde deler av elva som gyte- og oppvekstområde enn laks, og er derfor meir utsett for stranding ved bråe endringar i vassføringa. Etter vår meining er derfor effektkøyring og utfall av kraftverket dei viktigaste årsakene til dårleg fiskeproduksjon nedom kraftverket.

Fortun – Granfasta utbygginga har fått ny konsesjon og skal få nye retningslinjer for vassregime, og dei nemnde problemstillingane takast opp i nær framtid. Det er likevel viktig å ta dette med i vurderinga når det gjeld ei eventuell bygging av Øyane kraftverk.

Ved ei eventuell bygging av Øyane kraftverk vil me peika på 2 forhold som vil forverra tilhøva for anadrom fisk i vassdraget, og som det i neste omgang må takast omsyn til i samband med ny konsesjon.

1. Det er ca. 800 m frå utløpet av kraftverket opp til naturleg vandringshinder for anadrom fisk. Her er vassføringa alt i dag så lita at rogn stort sett vert turrlegd eller frys haust/vinter. Ved ei eventuell utbygging vert tilhøva om vinteren ytterlegare forverra. Dette kjem tydeleg fram i konsekvensutgreinga, og Hydro sin konklusjon er at ytterlegare reduksjon derfor ikkje spelar nokon rolle. Etter vår meining er dette å snu problemstillinga på hovudet. Ein må ha grunn til å tru at i samband med ny konsesjon og nye retningslinjer må Hydro leggja til rette for at fisken klarar seg i heile den anadrome sona heile året, og derfor ha minstevassføring på denne strekninga om vinteren også. Slik planane føreligg i dag, med auka vassføring i Spitarfossen i turistsesongen, vil dette verka som ein lokkeflaum og få meir fisk til å gå opp forbi kraftverket og inn i ei sone som seinare vert tørrlagd.

2. Rådgivende biologer peikar i sine rapportar på at låge vass temperaturar om sommaren er eit problem, særleg for laks nedstrøms kraftstasjonen, men og til sine tider oppstrøms kraftverket. Dei seier at når det gjeld laks bør temperaturen i den perioden yngelen kjem opp av grusen, "Swim up", vera over 9°C for at denne faktoren ikkje skal vera avgrensande for produksjonen. I 2013 låg snittemperatur ved det planlagde inntaket i denne perioden på 7,46°C, ved det planlagde utløpet hadde han auka med 1,6°C. Grunnen til dette er at når vatnet om sommaren renn gjennom fossar og stryk vert det oppvarma. I konsekvensutgreiinga står det at utbygging gir ei temperatursenkning på 0,5 - 1°C, men dette er på årsbasis og heilt uinteressant, om vinteren stig det nok ikkje. Frå utløpet av planlagd kraftverk og til om lag halvvegs ned til Skagen kraftverk, hadde temperaturen berre auka med 0,2°C, og problemet forplantar seg altså langt nedover dalen.

Den einaste elvestrekninga som då står attder vass temperaturane er velegna for laks, er strekninga frå utløpet frå Øyane kraftverk til vandringshinderet eit stykke lenger oppe. Men der vil jo vassføringa bli veldig sterkt redusert, så det er store sjansar for at laksen ikkje lenger vil greie å kome seg opp dit. Og om han skulle greie det, er det berre få stadar den kan vere. Mellom andre har Fylkesmannen i høyringsuttalen kravd omløpsventil i kraftstasjonen. I Hydro sin kommentar til høyringsuttalane står det at "*Behovet for omløpsventil for å redusere stranding av småfisk ved brå avslag mener vi ikkje er relevant for dette vassdraget, fordi det i elva nedenfor utløpet er mye blokkstein og relativt bratte elvekanter*". Dette er tøv, elveleiet er for det meste flatt, og fisk treng vatn og ikkje blokkstein for å overleva.

Under møtet med Hydro i Fortun 3.03.2015 blei det hevda at Hydro ikkje ønskjer at det skal installerast omløpsventil i kraftstasjonen i Øyane. (Og Hydro protesterte ikkje på dei påstandane.) Dette betyr at ved bråstopp i kraftstasjonen må ein rekne med stor fiskedaude på strekninga mellom Øyane kraftverk og Skagen kraftstasjon. I juli og august, når Hydro har tenkt å sleppe 1 - 1,5 m³/s i minstevassføring, vert problemet ein del mindre (men stort nok) enn elles i året når Hydro berre ønskjer å sleppe ei veldig låg minstevassføring.

Omløpsventil vert vel i dag sett som vanleg krav der ein har anadrome strekningar?

Ved utarbeiding av nye retningsliner knytt til ny konsesjon i Fortun-Grandfaste, og eit eventuelt krav om minstevassføring, vil ein uansett ha med seg denne uheldige temperatursenkinga om sommaren dersom kraftverket vert bygd. Slik me ser det har tidlegare utbygging no i ein 50-års periode påført vassdraget så stor skade at ein ikkje må driva dette vidare. Ein må heller så godt det let seg gjera prøva å retta opp tidlegare synder med fornuftige tiltak, eit av dei må vera å oppretthalda NVE sitt avslag til utbyggingsplanane for Øyane kraftverk.

Ei anna problemstilling er viss Øyane kraftverk skulle få konsesjon er at då vil dei konsesjonsvilkåra som vert fastsette, høgst sannsynleg gjelde for 30 år framover. Dei kan altså ikkje endrast i samband med det pågåande arbeidet om fornying av konsesjonen for Fortun-Grandfaste-utbygginga. Det betyr at viss konsekvensane av bygging av Øyane kraftverk vert slik som vi reknar med, så vil det gå 30 år før ein kan gjere noko for å rette på desse problema. Er det akseptabelt?

Med venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv
Elisabeth Dahle
koordinator

Luster JFF
Olav Hermansen
Fiskeutvalet

NJFF Norges Jeger- og Fiskerforbund
Øyvind Fjeldseth, fiskekonsulent



NJFF Sogn og Fjordane
Per Norstein, leiar



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Marit Vøien Nes, leiar



Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernutvalet
Ron Overdevest, leiar

Sogn og Fjordane Turlag



Sogn Villaksråd
Bjørn Vike, leiar

Kopi til:

NVE, nve@nve.no